

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for natur  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 29.03.06 **Tid:** 15.00 – 18.10

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 6 , inkl. varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Sigmund Dyrhovden

**I staden møtte:**

**Andre som var tilstade på møtet:**

Einingsleiar for teknisk eining og administrasjonssjefen

**Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 31. mars 2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend.

Olaug Karin Øystese viste til at i eit par av sakene var det vanskeleg ut frå utsendt materiale og sjå heilt kvar aktuelle tomt låg. Det var semje om at det bør sendast ut meir kartmateriell med sakene.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

**UTVALET SITT KVARTER:**

**Olaug Karin Øystese** etterlyste informasjon om framdrifta for barnehage på Gjerde og kva som er status for leikeplass i bustadfeltet på Lønnebakken.

Adm.sjefen opplyste at det vert gitt jamnlege meldingar til utval for oppvekst og omsorg for barnehage på Gjerde fordi det er dei som er ansvarleg politisk utval for saka. Arbeidet med reguleringsplanen ligg til naturutvalet. Omregulering av arealet på Lønnebakken vart sett i gang med vedtak i naturutvalet i møte februar. Spørsmål om grunnavståing m.m. er i gang.

Oppsitjarane i bustadfeltet på Lønnebakken har fått skriftleg tilbakemelding om at leikeplassen vert grusa opp og ferdigstilt med det første. Det vert vurdert om det er naudsynt med gjerde på delar av plassen. Utstyr på leikeplassen må oppsitjarane ta hand om sjølve.

**Sture Tveit** var oppteken av at ikkje framdrifta og engasjementet for Kvamskogtunellen gjer at tunellen bak Ytre Tysse kan verta sett ut i tid. Det må arbeidast aktivt for at Ytre Tysse får prioritet minst i samsvar med vedteken nasjonal trafikkplan. Kommunen må engasjera seg sterkt.

Hyttetomt på Solheim. Tveit oppfattar vedtaket i naturutvalet i 2004 som at denne saka skal koma opp att når arealplanen vart godkjend. Administrasjonen vert beden om å sette saka på saklista, evt. gje melding til søkjar dersom vedtaket inneber at han må søkja på nytt.

**Idar Reistad** ba om at medlemmane i utvalet får arealplan med føresegner.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Stilling ved teknisk eining, kart og oppmåling er ledig. I personal- og økonomiutvala skal dei drøfta evt. utviding av stillinga til 100 % stilling. Utlysing av stillinga vert gjort straks etter dette.

Utbetring av brannbilen for oppfylgging av EU/kontroll gjer at me har leigd inn brannbil fra Bergen brannvesen for nokre dagar.

Leiaren informerte om eit møte med Kvam herad om evt. samarbeid om kloakkløysing for Eikedalen og Kvamskogen. Det er sett i gang eit utgreiingsprosjekt, og mykje talar i dag for at Samnanger kommune bør knyta seg til Kvam herad sitt anlegg/komande anlegg.

Leiar for teknisk eining orienterte om at Statens Vegvesen set fram krav om gangvegsløysing gjennom heile Eikedalen.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0012/06	06/00081 <b>DELINGSSAK GNR 22, BNR 5.</b>
0013/06	02/00557 <b>DELINGSSAK GNR 32/3.</b>
0014/06	05/00053 <b>DELINGSSAK GNR 34, BNR 8 - EIKEDAL.</b>
0015/06	06/00084 <b>DELINGSSAK HYTTETOMTAR GNR 34, BNR 19 I EIKEDAL.</b>
0016/06	06/00086 <b>DELINGSSAK GNR 39, BNR 40.</b>
0017/06	06/00078 <b>DELINGSSAK GNR 37, BNR 3.</b>
0018/06	05/00270 <b>KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 54/05 PÅLEGG OM RIVING AV ULOVLEG OPPFØRTE BYGG PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 I TRENGEREIDFJORD.</b>
0019/06	06/00019 <b>KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR.10/06 AVSLAG PÅ SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.37 BNR.28 OG 31</b>
0020/06	06/00125 <b>SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR 27, BNR 33. INDRE-TYSSE</b>
0021/06	06/00129 <b>ETABLERING AV NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG</b>
0022/06	06/00135 <b>SKILTING AV PARKERINGSPLASS VED KOMMUNEHUSET</b>

0023/06

06/00054

**ENDRING AV KONSESJON AV 13.JUNI 1946 -  
MANØVRERINGSREGLEMENT FOR HOLMAVATNET I  
SKULSTADVASSDRAGET.**

0012/06

**DELINGSSAK GNR 22, BNR 5.**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova §§ 17-2 og 63 ikkje gjeve løyve til å dela i frå ei bustadtomt på om lag 1 daa på gnr/bnr 22/5. Søknaden er ikkje i tråd med gjeldande kommuneplan.

Det vert gjort merksam på at det skal lagast ein eigen strandsoneplan for Samnanger kommune, kor det skal gjerast ein total vurdering av bruken av strandsona og det vil vera mogleg å kome med innspel frå grunneigarane.

Det kan etter jordlova § 12 gjevast løyve til å dela i frå ei bustadtomt på om lag 1 daa på gnr/bnr 22/5 i Samnanger kommune.

**Handsaming i møte:**

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Idar Reistad og Øyvind Røen sette fram eit alternativt framlegg som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Det vert etter § 7 i Pbl gjeve løyve til frådelling av bustadtomt på gnr. 22 bnr. 5. Kommunen har tidlegare vurdert å setja av området til byggjeområde i kommuneplanen sin arealdel. Tomta er brattlendt og lite eigna til friluftslivsaktivitetar. Det er og fleire bustadhus i same område slik at det er overordna landskapet ikkje vil endre særleg karakter.

Det må setjast krav om byggjegransar mot sjø på 10 meter. Det må ikkje skje byggjeaktivitet innan byggjeforbodsona i strandsona.

Det kan etter jordlova § 12 gjevast løyve til å dela i frå ei bustadtomt på om lag 1 daa på gnr/bnr 22/5 i Samnanger kommune.

0013/06

**DELINGSSAK GNR 32/3.**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 og kommuneplan ikkje funne grunnlag for å gje dispensasjon til å dela bygningane, med eit areal på 2 da, i frå gnr/bnr 32/3 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12 ikkje gjeve løyve til å dela bygningane, med eit areal på 2 da, i frå gnr/bnr 32/3 i Samnanger kommune.

**Handsaming i møte:**

Olaug Karin Øystese sette fram slikt framlegg til vedtak:

*Søknaden om dispensasjon til å dela frå bygningen på gnr/bnr 32/3 vert imøtekomen.*

Ein røysta for framlegget frå Øystese og 5 for framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 og kommuneplan ikkje funne grunnlag for å gje dispensasjon til å dela bygningane, med eit areal på 2 da, i frå gnr/bnr 32/3 i Samnanger kommune.

Det vert etter jordlova § 12 ikkje gjeve løyve til å dela bygningane, med eit areal på 2 da, i frå gnr/bnr 32/3 i Samnanger kommune.

0014/06

**DELINGSSAK GNR 34, BNR 8 - EIKEDAL.**

**Framlegg til vedtak.:**

Inge Aasgaard vert i høve til kommuneplan og plan- og bygningslova § 63 gitt løyve til å dela i frå 6 hyttetomter på gnr/bnr 34/8 i Samnanger kommune. Det vert sett krav om at deling og opparbeiding av parkeringsplass og gangveg vert i høve til illustrasjonsplan av 29.01.05. Alle kjøparane av hyttetomter må underteikna erklæring, som vedlagt søknad om deling. Det vert sett krav om at eigar av gnr/bnr 34/8 ikkje endrar tilgang til reint vatn til eksisterande hytter som hentar vatn i bekken i dag.

Kvar einiskid hyttetomt må søka om godkjenning av innlegging av vatn og avlaupsanlegg, men hytteeigarane kan også fremja søknad om fellesanlegg. Vatn- og avlaupsleidningar skal gravast ned i bakken. Kommunen vil gjera merksam på at om det kjem vatn- og avlaupsanlegg i Eikedalen kan det verta stilt krav om tilkopling til dette.

Det skal sikrast eit område med ein breidde på 2,5 m vest for hyttefeltet for eventuelt opparbeiding av skiløype frå Eikedalen skisenter til hytter og bustadar lengre ned i Eikedalen.

Det skal ikkje gjerast inngrep i bekkefare, utanom etablering av to bruer over bekken. Bruene må ha ein slik opning at det vil vera liten fare for oppstuing av is og snø, når snø rasar i bekken.

Det må leggast til rette for at snø på parkeringsplassen ikkje vert brøytta ned i bekkefare, då det vil føre til stor fare for tetting av røyra under vegen.

Framtidig bygging skal ikkje bryte med eksisterande utbyggingsstruktur, volum og form på hytter og landskap i område.

**Handsaming i møte:**

Utvalet drøfta saka. Det var eit ønskje om at det skulle stillast krav om tilkopling til off. VA-anlegg dersom det kan stillast slike krav.

Utvalet meinte og at det var sett av for lite areal til skilløype. Den bør aukast til 5 meter.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med dei ovannemnde endringar.

**Vedtak:**

Inge Aasgaard vert i høve til kommuneplan og plan- og bygningslova § 63 gitt løyve til å dela i frå 6 hyttetomter på gnr/bnr 34/8 i Samnanger kommune. Det vert sett krav om at deling og opparbeiding av parkeringsplass og gangveg vert i høve til illustrasjonsplan av 29.01.05. Alle kjøparane av hyttetomter må underteikna erklæring, som vedlagt søknad om deling. Det vert sett krav om at eigar av gnr/bnr 34/8 ikkje endrar tilgang til reint vatn til eksisterande hytter som hentar vatn i bekken i dag.

Kvar einiskid hyttetomt må søka om godkjenning av innlegging av vatn og avlaupsanlegg, men hytteeigarane kan også fremja søknad om fellesanlegg. Vatn- og avlaupsleidningar skal gravast ned i bakken. Kommunen vil gjera merksam på at når det kjem offentleg avlaupsanlegg vil kommunen krevja tilkopling til dette. Det kan og vera aktuelt å krevja tilkopling til framtidig off. vassforsyning.

Det skal sikrast eit område med ein bredde på 5 m vest for hyttefeltet for eventuelt opparbeiding av skiløype frå Eikedalen skisenter til hytter og bustadar lengre ned i Eikedalen.

Det skal ikkje gjerast inngrep i bekkefare, utanom etablering av to bruer over bekken. Bruene må ha ein slik opning at det vil vera liten fare for oppstuing av is og snø, når snø rasar i bekken.

Det må leggest til rette for at snø på parkeringsplassen ikkje vert brøytta ned i bekkefare, då det vil føre til stor fare for tetting av røyra under vegen.

Framtidig bygging skal ikkje bryte med eksisterande utbyggingsstruktur, volum og form på hytter og landskap i område.

0015/06

**DELINGSSAK HYTTETOMTAR GNR 34, BNR 19 I EIKEDAL.****Framlegg til vedtak::**

Det vert ikkje gjeve løyve til å dela 3 hyttetomter i frå gnr/bnr 34/19 i Samnanger kommune. Vedtaket er heimla i kommuneplan, kor det er sett krav om reguleringsplan ved frådeling, og etter plan- og bygningslova § 63.

**Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Det vert ikkje gjeve løyve til å dela 3 hyttetomter i frå gnr/bnr 34/19 i Samnanger kommune. Vedtaket er heimla i kommuneplan, kor det er sett krav om reguleringsplan ved frådeling, og etter plan- og bygningslova § 63.

0016/06

**DELINGSSAK GNR 39, BNR 40.**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan og bygningslova § 63 og kommune plan for Samnanger kommune ikkje gjeve løyve til å dela ei hyttetomt på 0,8 da frå gnr/bnr 39/40.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela ein fritidseigedom på om lag 0,8 daa frå gnr/bnr 39/40 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at stien aust for det aktuelle arealet vert helde utanfor og ålmenta sin ferdsel langs med elva ikkje vert hindra.

Avslag etter plan- og bygningslova vil seia at det ikkje kan delast i frå ei hyttetomt på gnr/bnr 39/40.

**Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Det vert etter plan og bygningslova § 63 og kommune plan for Samnanger kommune ikkje gjeve løyve til å dela ei hyttetomt på 0,8 da frå gnr/bnr 39/40.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dela ein fritidseigedom på om lag 0,8 daa frå gnr/bnr 39/40 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at stien aust for det aktuelle arealet vert helde utanfor og ålmenta sin ferdsel langs med elva ikkje vert hindra.

Avslag etter plan- og bygningslova vil seia at det ikkje kan delast i frå ei hyttetomt på gnr/bnr 39/40.

0017/06

**DELINGSSAK GNR 37, BNR 3.**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 og 63 gjeve løyve til å dele eit areal på 220 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 37/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 37/62.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele eit areal på 220 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 37/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 37/62.

**Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Det vert etter plan- og bygningslova § 7 og 63 gjeve løyve til å dele eit areal på 220 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 37/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 37/62.

Det vert etter jordlova § 12 gjeve løyve til å dele eit areal på 220 m<sup>2</sup> frå gnr/bnr 37/3. Arealet skal vera tilleggsareal til gnr/bnr 37/62.

0018/06

**KLAGE PÅ VEDTAK I SAK 54/05 PÅLEGG OM RIVING AV ULOVLEG  
OPPFØRTE BYGG PÅ GNR.4 BNR.25 OG 83 I TRENGEREIDFJORD.**

**Framlegg til vedtak::**

Ein kan ikkje sjå at klaga inneheld vesentlege nye opplysningar som tilseier at vedtak i sak 54/05 kan endrast.

Vedtak i sak 54/05 vert oppretthalde og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjer.

**Handsaming i møte:**

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg:

*Saka vert utsett til neste møte.*

4 røysta for at saka skulle utsetjast og 2 mot.

**Vedtak:**

Saka vert utsett til neste møte.

0019/06

**KLAGE PÅ VEDTAK I DELEGERT SAK NR.10/06  
AVSLAG PÅ SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.37 BNR.28 OG  
31**

**Framlegg til vedtak::**

Klage på vedtak i delegert sak nr.10/06 for utval for natur inneheld ikkje opplysningar om særlege grunnar som tilseier at vedtaket kan endrast.

Vedtak i delegert sak nr.10/06 vert oppretthalde, og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

**Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Klage på vedtak i delegert sak nr.10/06 for utval for natur inneheld ikkje opplysningar om særlege grunnar som tilseier at vedtaket kan endrast.

Vedtak i delegert sak nr.10/06 vert oppretthalde, og saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland til avgjerd.

0020/06

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR NAUST PÅ GNR 27, BNR 33. INDRE-TYSSE****Framlegg til vedtak::**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av naust på gnr.27 bnr.33.

Med heimel i plan og bygningslova §§93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.27 bnr.33. Naustet skal kun nyttast til tradisjonell naustbruk. Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

Maks mønehøgd skal vera 6,0 m målt frå terreng til topp møne.

Tiltakshavar vert godkjent som sjølvbyggjar, dette tyder at tiltakshavar, eventuelt med leigd hjelp, er ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

**Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for bygging av naust på gnr.27 bnr.33.

Med heimel i plan og bygningslova §§93 og 95 vert det gjeve byggjeløyve for naust på gnr.27 bnr.33. Naustet skal kun nyttast til tradisjonell naustbruk. Det er ikkje lov å innreia naustet slik at ein kan bu i det.

Maks mønehøgd skal vera 6,0 m målt frå terreng til topp møne.

Tiltakshavar vert godkjent som sjølvbyggjar, dette tyder at tiltakshavar, eventuelt med leigd hjelp, er ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Vedr. opplysning om klagerett på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova §15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0021/06

**ETABLERING AV NAUSTTOMTER FOR BYGGJEFELT ROLVSVÅG****Handsaming i møte:**

Utvalet ønskte at det vert utarbeidd reguleringsplan for arealet. Arealet som vert regulert er avgrensa som vist på utsendte kart. Føremålet er naust.

**Vedtak:**

Det vert utarbeidd reguleringsplan for naust i LNF- område på Rolvsvåg. Arealet er vist på vedlagde kart dagsett 29.03.2006.

0022/06

**SKILTING AV PARKERINGSPLASS VED KOMMUNEHUSET****Framlegg til vedtak::**

Det vert gjennomført omskilting av parkeringsplassen ved kommunehuset i samsvar med vedlagde skisse dagsett 15.03.06. Arbeidet kan utførast når det vert stilt midlar til disposisjon.

**Handsaming i møte:**

**Olaug Øystese** sette fram framlegg om at dei to midterste rekkjene vert avsett til totimars parkering og til parkering for funksjonshemma. Skilting av plassen vert elles som i framlegg til vedtak.

**Sture Tveit** sette fram slikt framlegg:

Det vert gjennomført omskilting av parkeringsplassen ved kommunehuset. Det vert reserverte plassar som vist på vedlagde skisse. I tillegg vert det avsett 6 plassar for 2 t. parkering, resten til 12 t parkering.

Arbeidet er kostnadsrekna til kr 25.000,-. Det vert tilrådd at det vert løyvd midlar frå disposisjonsfondet til tiltaket.

Ingen røysta for framlegg til vedtak.

3 for framlegget frå Sture Tveit

3 røysta for framlegget frå Olaug Øystese.

Framlegget frå Sture Tveit vert vedteke då leiaren røysta for dette framlegget.

**Vedtak:**

Det vert gjennomført omskilting av parkeringsplassen ved kommunehuset. Det vert reserverte plassar som vist på vedlagde skisse. I tillegg vert det avsett 6 plassar for 2 t. parkering, resten til 12 t parkering.

Arbeidet er kostnadsrekna til kr 25.000,-. Det vert tilrådd at det vert løyvd midlar frå disposisjonsfondet til tiltaket.

0023/06

**ENDRING AV KONSESJON AV 13.JUNI 1946 - MANØVRERINGSREGLEMENT FOR HOLMAVATNET I SKULSTADVASSDRAGET.****Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune er positive til permanent senking av Holmavatnet med 4 meter. Det vert sett krav til at

- tilhøva for å ferdast rundt vatnet vert betre enn før senking,
- det vert sikra at auren framleis får tilgong til gytebekkane,
- beltet rundt vatnet vert sådd til med grasfrø
- ein prøver å bruke frø til planter som allereie er etablert på staden.

Arbeidet med senking av HRV må vera så skånsamt som mogleg i høve til endring av naturgjevne tilhøve. Dette gjeld spesielt sprengingsarbeid..

**Handsaming i møte:**

Utvalet var samd i framlegg til vedtak.

**Vedtak:**

Samnanger kommune er positive til permanent senking av Holmavatnet med 4 meter. Det vert sett krav til at

- tilhøva for å ferdast rundt vatnet vert betre enn før senking,
- det vert sikra at auren framleis får tilgong til gytebekkane,
- beltet rundt vatnet vert sådd til med grasfrø
- ein prøver å bruke frø til planter som allereie er etablert på staden.

Arbeidet med senking av HRV må vera så skånsamt som mogleg i høve til endring av naturgjevne tilhøve. Dette gjeld spesielt sprengingsarbeid..